



DET NORSKE TEATRET



Seks kurdarar dansar i ring,
seks unge menn kring ei jomfru.
Kven skal verta den utvalde då?
Seks unge menn dansar i ring.

Så kjem her eit bod
og den eine dreg ut,
så kjem her eit bod
og den andre dreg ut,
den tredje,
den fjerde,
den femte —
og sistpå den sjette
med sverdet og folen.

Seks kurdarar drog ut i strid
og ingen av dei kom att.
Men til henne dei stridde for,
kom til sist ein belar,
og han var ein framand
med jarnhand og andlet av stein,
med ståkledde lender.
Bleik vart ho som venta, då.

Seks kurdarar drog ut i strid
for ei jomfru.
Men ingen av dei kom att.
Kvar finst vel den sjuande kurdaren, då?
Han finst mellom oss, han finst.
Som soleld hans bjarte augo skin
og armen hans friar ut henne,
ho som seks kurdarar stridde for
og vart til jord for.

Han finst mellom oss,
han finst!

OM «KURDAR-SPEL»

— Kva tyder «Kurdar-spel»? spør du. Forfattaren vil helst svara at det er einstyddande med lagnadsspelet i eit undertrykt folk. Og eit folk som er lenger borte frå nasjonal fridom enn det kurdiske, finst vel knapt — når ein tenkjer på at ei heil rekkje land eig jorda det dyrkar, og at Kurdistan, der storparten av kurdarfolket høyrer heime, er delt mellom tre framande statar.

Då skjønar ein ikkje at det lenger finst noko sjølvmedvite kurdarfolk, levande kurdisk mål og kultur og ein kurdisk sjølvstendevilje. Men alt dette finst. Og like opp til våre dagar har kurdarfolket ført ein hardsett fridomsstrid Ein nyttelaus strid, vert det hevda. **Er** han det?

Oppslagsverka har ikkje mange linene å ofra på dette modige fram-asiatiske fjellfolket på nokre millio-nar menneske. Men ei av dei få linene som står der, fortel oss likevel noko sværande viktig: På det kurdiske målet finst det ei rik folkedikting. Så må det då òg leva ein visjon i dette folket, ei glødande von om den komande fridomen.

Dramaet «Kurdar-spel» prøver ikkje å fortelja sanninga om kurdarfolket. Det ville vel heller ikkje lata seg gjera. Stykket byggjer einast på fri dikting, og spelet faldar seg ut på to plan: det visjonære som folkediktinga går ut frå — og det dagnære der hendingane tvingar motsetningane fram. Men dei to plana krysser kvarandre og fyller einannan ut, ikkje minst i den lagnadsfylte striden om kven som skal vinna folkesjela.

Den blodige oppreisten synest enda i eit utslettande nederlag for dei undertrykte. Men slik går det likevel ikkje. Innover har folket vunne eit nytt samhald og ei styrkjande skirsling. Og Krils offerdød føder atter ei levande von om at utfriaren arbeider i folket: Den sjuande kurdaren finst!

OM PÅL SUNDVOR

Forfattaren Pål Sundvor er tydelegvis ein svært smålåten mann, han er ikkje av dei som skryter av sin eigen litterære posisjon. Da vi bad han skrive nokre ord om seg sjølv til programmet for «Kurdar-spel», fekk vi dei linene som står nedanfor. Det måtte no vere nok om han sjølv, meinte han. Det kan vi ikkje vere heilt samde i.

Sundvor har ein stor og variert litterær produksjon bak seg, og vi synest det er rett og rimeleg å fortelje publikum kva han har skrive elles — det kan da tenkjast at «Kurdar-spel» gir meir-smak, at folk som ikkje kjenner forfattarskapen hans så godt, får lyst til å bli betre kjende med han. Så difor har vi teke oss den fridomen ...

Forfattaren til «Kurdar-spel» er hordalending. I fleire år arbeidde han i dagspressa i Oslo, men slo seg så ned i Kvam i Hardanger der han no bur og arbeider i forfattaryrket. Han har m. a. skrive eit par novelle-samlingar, eit tital romanar og ei rekkje hørespel. Men «Kurdar-spel» er det fyrste dramatiske arbeidet hans for ein vanleg teaterscene.

Han vart fødd 8. september 1920 i Strandvik, Hordaland, og er journalist av yrke. Han debuterte som forfatter i 1950 hos Olaf Norli, med novellesamlinga «Den raude streken». Året etter kom romanen «I morgon hender underet». Etter denne følgde ei lang rad romanar og einskilde dikt: «Du skal arve blomsterhagen» (1953 hos Norli, alt sidan hos Gyldendal), «Vandraren og lykka» (1955), «Fangen er fri» (1960), «Loffarens vise» (1962 — dikt), den fine barneskildringa «Rugda trekker» (1964), «Det blir ein løyndom» (1965), «Ein mann vender heim» (1960), «Morgon» (1967), «Paradisporten» (1968), «Jungel og soldat» (1970), der han tydeleg inspirert av Vietnam-krigen skildrar ein einsleg overlevande frå ein amerikansk patrulje, som på ei ferd gjennom jungelen held opp-gjer med seg sjølv og tek på seg skulda for dei brots-verka han har vore med på. I 1975 følgde ei ny novellesamling, «Ein neve sol», og i fjor kom romanen «Den mørke pløgen».

Jamvel om «Kurdar-spel» er Sundvors første skodespel på scenen, er han ikkje ny som dramatikar. Han har fått i alt 5 hørespel sendt i Radioteatret: «Krys-sande spor» (22/7-71), der instruktøren i kveld, Ingebjørg Sem, spela saman med Espen Skjønberg, instruert av Gerhard Knoop og «Vigd til kampen» (14/12-72), med Anne Gullestad som instruktør. Ho var og ansvarleg for songspelet «Fader Per» (18/4-74), der Sundvor hadde skrive tekstene og Ketil Sæverud komponert musikken. «Høgbygget» (4/7-74) var instruert av Jon Heggedal med skodespelarar frå Det Norske Teatret. Og det siste til no, «Ingenmannsland» (25/9-75), var ein ny Bergens-produksjon signert Anne Gullestad.

Pål Sundvor fekk Sunnmørsprisen i 1961, Melsomprisen i 1972 og Gyldendals legat i 1976.



Rima mark og kvite fjell,
hjortedyret gøymer seg
i den nakne skogen.




Veidaren med våpnet sitt
kjem med hund i fare.
Dyret skjelv og legg på tan.
Døden har peika på det.

Rima mark og naken skog.
Kvar er elva, blank av vatn?
Kvar er graset, mjukt og søtt?
Kvar er vinden, kjælen-linn?

Skjenk i staupet
smil og lått.
Lat meg enno leva
nokre djupe andedrag!

Skjenk i staupet
sommarljos!
Lat meg enno leva
nokre snøgge hjarteslag!

Eg er så ung,
peik ikkje på meg, død!
Eg er så veik,
lat livet anda mot meg!





Pål Sundvor Kurdar-spel

Regi: INGEBJØRG SEM
Scenografi og kostyme: ARNE VALENTIN
Musikk: EYVIND SOLÅS
Koreografi: JON BERLE
Musikalsk tilrettelegging, innstudering og leiing: EINAR IVERSEN
Rekvisittmakar: EGIL AARUM
Parykkar og masker: DORO WALSTAD
Inspisient: STEIN HAMRE
Rekvisitør: HELGA FJORDHOLM
Sufflør: MAGNHILD ANDERSEN

Dekorasjonen er laga på Det Norske Teatrets målar-sal under leiing av ALF EDVARD ENGH, og kostyma på teatrets systove under leiing av RANDI SKAHJEM.

I orkestret: EINAR IVERSEN (piano og fløyte), ROLF MALM (klarinettt og fløyte), MORTEN NORDBY (obo), KNUT GUETTLER (kontrabass) og GUNNAR AAS (slagverk).

Ein pause

Uppremiere 10. mars 1978



Programredaksjon: Halldis Hoaas

Foto: Sturlason

Trykk: Norsk Prent L/L, Oslo

Songaren	ØIVIND BLUNCK
Asdek	JACK FJELDSTAD
Hadji	BJØRN JENSEG
Sjadedek	JOHAN KJELSBERG
Kril	BJØRN SUNDQUIST
Kasam	ERIK ØKSNES
Omar	TOM TELLEFSEN
Tødel	SVEIN ERIK BRODAL
Tarit	BRIT ELISABETH HAAGENSLI
Bonden	ALF MALLAND
Kona til bonden	JULIE ØKSNES
Den eldre kvinna	SIRI ROM
Den framande	VIDAR WOLD HAAVIK
Den blinde	KAARE KROPPAN
Ministeren	MAGNUS TVEIT
Første politimann	MAGNUS TVEIT
Andre politimann	TROND BRÆNNE
Ei jente	ISELIN ALME
Den uniformerte	MAGNUS TVEIT
Skuleelevar	TORBJØRN, TORUN og TORGEIR TOMS
Dansarar	TOVE FRIDLUND, JON BERLE, TERJE BJØRKVOLD, PER JARLE DYRUD, EINAR WØHNI
Torgfolk	ALLE

MØTE MED KURDARANE

«Kurdistan, Kurdistan, tilgje meg at eg måtte forlate deg, men eg skal kome attende og slåst for deg til du blir fri.»

Ein ung kurdar syng denne — ein slags kurdisk nasjonalsong — med høg vakker røyst, ved sida av han sit vennen hans og spelar på ei kurdisk fløyte.

Det heile går føre seg i eit gjestehus ved Frankfurt i Vest-Tyskland, der eg i to somrar på rad har hjelpt kurdiske flyktningar å få innreise til USA gjennom det amerikanske generalkonsulatet der. Dette er dei utvalde blant tusenvis av kurdarar som måtte flykte til Persia etter at dei tapte den 13-årige blodige krigen mot irakske troppar utstyrte med dei mest moderne våpen, deriblant napalm-bomber. Kurdarane heldt stand mot overmakta heilt til forsyningane frå Iran plutseleg stansa opp, og kurdarane måtte overgi seg eller flykte.

Da songen var slutt, vart det ein augneblink dødsstille i salen. Ein hørde berre nokre kvinner som hulka ... Med eitt sprang 8—10 ungdommar fram på



Foto: Sven Simon

golvet, kledd i sine fargerike drakter byrja dei ein vill dans. Da vart det med ein gong liv i salen. Alle byrja å syngje og klappe takten med hendene.

Den siste krigen var berre eitt av mange blodige oppgjer kurdarane har hatt med undertrykkarane sine. Igjen, som så mange gonger før, måtte dei setje si nasjonale klokke attende til 0 og byrje heilt på nytt i kampen for å skape eit fritt Kurdistan.

Medan mange SN-land har mindre enn ein million innbyggjarar, søkjer 14—16 millionar kurdarar eit fedreland.

Kurdistan er som kjent delt mellom 5 land: Iran, Irak, Tyrkia, Syria og Sovjet-Unionen. Dei blir undertrykte med jarnhard hand — utanfor Sovjet-Unionen har dei ikkje lov å bruke sitt eige språk eller dyrke sin eldgamle kultur. Dei har ikkje ein gong lov å seie at dei er kurdarar.

Under eit opphald i Aust-Tyrkia i fjor, heilt oppe ved Ararats berg, tok det meg ganske lenge før folk fekk

tiltru til meg og sa at dei var kurdarar. Historia til kurdarane går langt attende. I skrifter som er funne blir dei nemnde allereie 2300 år før Kristus. Ja, mange trur at da Noah sleppte ut dua ved Ararats berg, hanna ho hos kurdarane, som budde så høgt oppe at over-svømminga — som sikkert har hendt — ikkje kunne nå dei.

Historia til kurdarane er lite kjend. Dette kjem m. a. av at dei heldt seg for seg sjølve, at dei aldre kunne bli einige, og at dei stadig låg i strid med kvarandre og med andre folkeslag. Jamvel om dei som folk ikkje markerte seg så sterkt, var det mange kurdarar som på grunn av sin klokskap og sin djervskap spela ei stor rolle i historia. Til dømes Saladdin, som i 12. hundreåret dreiv krossfararane ut av Jerusalem og dermed forandra historia, han var kurdar.


I dei siste hundreåra har det vore stille om kurdarane. Kven brydde seg vel om eit lite vilt fjellfolk som stadig var i opprør?

Når ein har hatt den gleda å bu og arbeide saman med desse prektige menneska, ser ein annleis på situasjonen. Motet deira er einestående, berre difor



Foto: Sven Simon





General Barzani

Foto: Sven Simon

har dei klart undertrykking og motstand i hundrevis av år.

Jamvel om situasjonen er vonlaus, gir dei ikkje opp, dei mistar aldri trua på framtida og på seg sjølve. Som den legendariske kurdiske general Barzani sa da han hørde at alle forsyningar var stoppa og krigen tapt: «Vi kurdarar har ingen venner i verda, vi har berre oss sjølve.»

Pål Sundvor har i «Kurdar-spel» gitt eit framifrå bilete av situasjonen slik den er i Irak i dag. Redsla for å bli tvangsflytta — jamvel om deira eigne byar og landsbyar er jamna med jorda — gjer at vonløysa aukar.

Einskilde vonar at samarbeid med irakarane er den einaste vegen, andre vil slåst til det siste, og atter andre blir angivarar — slik det skjer hos alle okkuperte folk ...

Arne Torgersen

Arne Torgersen som her har skrive om sitt møte med kurdarane, var nett heime i Noreg og tok imot St. Olav for sitt arbeid med flyktningar gjennom ei årrekke. Men det var skodespelar han skulle blitt — og var! Som ung mann stakk han til sjøs, kom seg til Hollywood, og fekk seg arbeid hos folk som Leslie Howard, Frederic March og Harold Lloyd, til han enda hos aviskongen Hearst. Han gjekk teaterskole i Hollywood og hadde vel tenkt å bli der, men lagnaden ville det annleis. Han kom heim til Noreg, las hos Ragnhild Hald, og debuterte på det gamle «Masken». Sidan spela han ved Edvard Drabløs' sommerteater på Bygdøy, og i nokre sesongar før krigen her på Det Norske Teatret. I 1939 for han attende til USA, og da krigen kom, vart han redaktør for Voice of America i London. Etter krigen vart han sambandsoffiser her heime, og litt etter kvart var han dregen inn i arbeidet med flyktningar, først i det krigsherja Tyskland, etterkvart over heile verda. Han vart tilsett i SN som Høgkommissæren for flyktningars spesielle representant. Da han fylte 60 år, måtte han følgje reglane og slutte, men det stoppa ikkje Torgersen! Etter den tid har han vore i Bangla-Desh, han har hatt oppdrag i Sør-Sudan, han har arbeidd med Vietnam-flyktningane, og med flyktningar frå Mocambique i Tanzania — med å sende dei heim da portugisarane reiste frå den gamle kolonien sin. I dei siste to åra har han arbeidd med kurdarane, i Tyrkia og i Irak, og i Tyskland.

Mellom Euftrat og Tigris
dei grov mitt hjarta ned.
Men stogga det å slå for det?
Å, nei!
Det grodde opp or jorda
som gylte kveitekorn!





Ai, ai,
høyr det slår,
hjarta under molda!


Og sjela mi den tjerne dei
med eine vengen til eit fjell.
Men stogga ho sitt flog for det?
Å, nei!
Kring Ararat ho krinsar
kvar stund forutan kvild.

Ai, ai,
vengen slår
kring dei nakne fjella!

Ai, ai, steppevarg,
kan du finna hjarta mitt?
Kan du hindra floget mitt
kring dei høge fjell?

Nei, nei, du hylar arg,
svoltne, griske steppevarg!
Ai, ai, eg enno eig
mitt hjarta og min veng!





FAKTA OM KURDARANE

Folketal: 5,5 millionar (800 000 i Irak. Tar ein med alle av kurdisk avstamming, kjem talet opp i 14—16 millionar). Språkgruppe: indoeuropeisk, kurdisk. Dei fleste kurdarane lever i grensetraktene i Tyrkia, Iran og Irak. Ein del av folket bur i byar, men dei fleste bur på landsbygda, særleg i dei bortgøymde landsbyane i fjelldalane i grensetraktene mellom dei nemnde landa.


Kurdaren er ein hardfør fjellkrigar, høgare og kraftigare bygd enn den arabiske fellah'en. Han er oppteken med garden sin og beitemarkene i høglandet og bitter over den politiske undertrykkinga under dei sentrale styresmaktene. Størsteparten har i ein del år vore korndyrkarar og kvegoppdrettarar som følgjer flokken sin etter årstidene. Berre nokre få er framleis heilt nomadiske.

Kurdarane kan delast inn i tre hovudgrupper: badinane er ei undergruppe av dei tyrkiske kurdarane og snakkar kermanji eller «bokleg kurdisk». Suranar og babanar snakkar den same dialekten av kurdisk, og innanfor desse gruppene er der nomadiske stammer, bønder som er sjølveigarar, og forpaktarar og arbeidrarar som er gått ut av stammene. Nå for tida er det mange kurdarar som og snakkar arabisk og som finn det lettare å gløyme det gamle klansvesenet. Men kurdisk nasjonalisme er framleis ein sterk faktor i livet i Irak.

I litteraturen har kurdarane fått ord på seg for å vere ville røvarar og bandittar frå fjella. Dei beundrar mot og leiareigenskapar. Ryktet deira som villmenn er vel oppstått fordi dei alltid har måtta forsvara seg mot naboar og dessutan innbyrdes har vore oppdelt i isolerte grupper som har stått mot einannan. Kurdarane er truleg Kardukaiar, etterkommarar av dei folka som hindra Xenofons tilbaketog i 400 f. Kr. Det finst oppteikningar om kurdarane som daterer seg til dei

69 2427.

slupend-
driven
alle
Byggnad
Levebygning
slupendvein
I D.



sumeriske og assyriske periodane. Historia deira er fylt av stadige erobringar og undertrykking — frå det gamle persarriket til arabarar på 600-talet og tyrkarar inntil det ottomanske keisarriket braut saman. Så vart landet deira etter første verdskrigen delt mellom Syria, Tyrkia, Iran og Irak. Heilt frå den tid dei barske fjellegnene første gongen vart kalla Kurdistan i det 12. hundreåret, har kurdarane utan stans kjempa for retten til å bestemme over seg sjølve.

Kurdistan er i dag delt mellom fem nasjonar, dei fire vi alt har nemnt og dessutan Sovjetunionen. Og alle kurdarar er minoritetsgrupper under desse nasjonale styresmaktene. Trass i dette, og trass i kontakten med arabarar, tyrkarar, russarar og persarar, har folket halde på sin kurdiske identitet. Dei har ei sterk kjensle av nasjonalt sjølvmedvit og kulturell og språkleg einskap.

Sentrale styresmakter har hatt ein tendens til å forsømme deira interesser. Kravet om sjølvstyre har fått dei til å gjere væpna opprør fleire gonger i moderne tid. Det var kurdisk opprør i Tyrkia i 1925, 1930 og 1937; etter første verdskrigen hadde ein det såkalla Simko-opprøret i Iran og enda eit etter at Mehabad-republikken vart proklamert i 1946. I 1918, 1924, 1943, 1963 og 1974 var det opprør i Irak. Men kvar gong mislykkast dei i å oppnå noko sjølvstyre. I Sovjetunionen innrømmer ein ikkje at kurdarane ønskjer sjølvstyre — i alle høve ikkje ope.

Mesteparten av Kurdistan er fylt av fjell, med Zagrosfjella som midtpunkt. Dei stig til over 4000 meter og strekkjer seg frå Euftrat i det nordlege Syria og Tyrkia til Kermanshah i Iran. Klimaet er hardt: vinteren er både kald og våt, for den fell saman med regntida frå november til april. Og fjellterrenget er så barskt at ein om vinteren berre kan nå landsbyane med muldyr, hestar, eller til fots. Om sommaren er det svært varmt, særleg i dalane og på slettene.

Kurdarane tilhøyrrer fleire ulike sekter, men dei er alle muhammedanarar.

(Bygd på «Jordens folk», Cappelen 1977)

SPELPLANEN PÅ DET NORSKE

Hovudscenen

Ernst Bruun-Olsen

POSTMANNEN FRÅ ARLES

Omsett av Knut Ødegård, regi: Pål Skjønberg, scenografi: Arne Walentin.

Med HARALD HEIDE STEEN, ROLF SAND, JACK FJELDSTAD, MAGNUS TVEIT, JORUNN KJELLSBY, ÅSTA VOSS, FRIMANN FALCK CLAUSEN, OLE-JØRGEN NILSEN, ANNE-LISE TANGSTAD, JOHAN KJELSBERG.

Ödön von Horvath

AN DER SCHÖNEN BLAUEN DONAU

Omsett av Knut Ødegård, regi: Barthold Halle, scenografi: Guy Krohg og Sturla Rongstad.

Med ANDREAS KOLSTAD, INGRID ØVRE WIIK, TORDIS MAURSTAD, BJØRN FLOBERG, BAB CHRISTENSEN, VIDAR SANDEM, UNN VIBEKE HOL, TORGEIR FONNLID, WILFRED BREISTRAND, VIBEKE FALK, GRETHE RYEN, INGOLF ROGDE, ELSA ISEFIÆR, ÅSTA VOSS, SVEIN TINDBERG, JORUNN KJELLSBY, ULRIKKE GREVE, KARI RASMUSSEN, ROLF SAND, SVERRE WILBERG, WENCHE LUND, RUT FASTING, SIRI BAKKE.

SÅ LENGE SKUTA KAN GÅ

Ein kabaret bygd på Evert Taubes viser.

Omsett av Hartvig Kiran, tekstredigering, regi og koreografi: Runar Borge, scenografi: Per Fjeld, musikalsk leiling: Egil Monn-Iversen.

Med BRITT LANGLIE, SØLVI WANG, LASSE KOLSTAD, MAGNE LINDHOLM, ROLF JUST NILSEN, VESLEMØY ELLEFSEN, KARI HÆG, SIGNE LISE LARSSON, SVENN BERGLUND, LEIF R. BJØRNESETH.

På Scene 2

TUSEN FJORDAR, TUSEN FJELL

Regi: Svein Erik Brodal, scenografi: Tom Berre.

Med VIDAR SANDEM, TORGEIR FONNLID, NILS SLETTA, UNN VIBEKE HOL, EVA SLETTA, WILFRED BREISTRAND, ODD FURØY, BJØRN JENSEG, ULRIKKE GREVE, ØYVIND ØYEN, ELISABETH SAND, SVEIN TINDBERG, ARE STORSTEIN.

MINE VISUR

Norske songar, stev og romansar.

Tekstredigering og regi: BJØRN JENSEG.

Med RANDI ERIKSEN, TORILL ERIKSEN, ANNE LISE GJØSTØL, MAGNE LINDHOLM, KARI RASMUSSEN, ved pianoet: KARI STOKKE.

Stig Dagerman

SKUGGEN AV MART

Omsett av: Tormod Skagestad, regi: Jon Heggedal, dekor: Dag Frogner, kostyme: Eldbjørg Aarseth.

Med ASTRID SOMMER, NILS SLETTA, TRINI LUND, MAGNE LINDHOLM.

Aldo Nicolaj

GODT EG FANN DEG

Omsett av Magnus Ulleland, regi: Gerhard Knoop, dekor: Snorre Tindberg, kostyme: Snorre Tindberg/Eldbjørg Aarseth, musikk: Sigmund Groven.

Med PÅL SKJØNBERG, BJARNE ANDERSEN, ANNE-LISE TANGSTAD.



10g161576



Botnen-68